

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
064/20	Heradsstyret	PS	23.09.2020
070/20	Formannskapet	PS	02.09.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	20/1665

Kleiveland Gard - fornying av skjenkeløyvet for 2020 - 2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gitt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2 for Kleiveland Gard, for deltakarar i slutta lag.

Løyvehavar: Kleiveland Gard, org.nr 915 633 935.

Dagleg leiar: Erling Kleiveland, f. 23.07.45

Styrar: Erling Kleiveland. Stedfortredar Ingfrid Andersen, f. 02.03.50 vert godkjende.

Type verksemd: Selskapslokale/gardsturisme/servering i perioden 01. april – 31. oktober

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2:

kl. 08.00 – kl. 01.00.

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00.

Løyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.”

Formannskapet - 070/20

FS - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gitt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2 for Kleiveland Gard, for deltakarar i slutta lag.

Løyvehavar: Kleiveland Gard, org.nr 915 633 935.

Dagleg leiar: Erling Kleiveland, f. 23.07.45

Styrar: Erling Kleiveland. Stedfortredar Ingfrid Andersen, f. 02.03.50 vert godkjende.

Type verksemd: Selskapslokale/gardsturisme/servering i perioden 01. april – 31. oktober

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – kl. 01.00.

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00.

Løyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.”

Heradsstyret - 064/20

HS - behandling:

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken

HS - vedtak:

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gitt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2 for Kleiveland Gard, for deltakarar i slutta lag.

Løyvehavar: Kleiveland Gard, org.nr 915 633 935.

Dagleg leiar: Erling Kleiveland, f. 23.07.45

Styrar: Erling Kleiveland. Stedfortredar Ingfrid Andersen, f. 02.03.50 vert godkjende.

Type verksemd: Selskapslokale/gardsturisme/servering i perioden 01. april – 31. oktober

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – kl. 01.00.

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00.

Løyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.”

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Skjenkested: Selskapslokale med uteservering

Driftskonsept: inne- og uteservering
Sitteplasser: 60 stk (inne), 30 stk (ute)
Areal: 100 kvm (inne), 70 kvm (ute)
Periode for uteservering: april - oktober.
Forvanta mengde omsatt alkohol pr år: 50 l (opptil 4,7% alkohol), 50 l (4,7-22% alkohol)
Ønskja skjenketid: kl. 08-01

Bakgrunn

Kleiveland Gard, v/ Erling Kleiveland, har søkt om fornya skjenkeløyve for si verksemd på Kleiveland. Søknaden gjeld for slutta selskap i perioden 1. april – 31. oktober.

I gjeldande alkoholpolitisk plan sagt at skjenkeløyve i hovudsak skal gjevast til verksemder lokalisert til områdesentra i kommunen, og det er opna for å gje skjenkeløyve for brennevin også til uteservering.

Etter alkohollova § 1-6 kan skjenkeløyve gjevast for 4 år om gongen og med opphøyr seinast 30. september etter at nytt kommunestyre tiltrer. I forslag til ny alkoholpolitisk plan er det tilrådd å følgja 4-årsperiodar for sals- og skjenkeløyve. Skjenke- og opningstider er tidlegare fastsett i forskrift.

Kontroll på skjenkestaden har ikkje avdekka tilhøve som har kravd oppfølging frå kommunen.

Søknaden er send til politiet og sosialtenesta til uttale.

Vurdering

Rådmannen kjenner så langt ikkje til tilhøve som tilseier avslag på søknaden, og ein vil difor tilrå fornying i samsvar med søknad. I rådmannen si tilråding er skjenke- og opningstider fastsette i samsvar med ny alkoholpolitisk handlingsplan. Kleiveland gard har eit litt anna driftskonsept, då dei berre har arrangement for slutta selskap og i delar av året. Årsomsetninga vert difor ikkje så håg og årsgebyret for løyvet er difor sett noko lågare enn for dei andre skjenkestadene, jfr. vedtak i heradsstyret 11.04. 2018.

Hovudregelen i alkoholhollova er at sals- og skjenkeløyve for alkohol vert gitt for inntil 4 år og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Lova opnar for at kommunen kan vedta vidareføring av alle sals- og skjenkeløyve for nye 4 år. Kommunen kan og fastsetja retningslinjer for kva løyve som må fornyast og kva som kan vidareførast. Føresetnaden for dette er at kommunen først har gjennomgått alkohol- og løyvepolitikken.

Rådmannen vil ikkje foreslå ein ny praksis i h.t. fornying av sals- og skjenkeløyve, men at ein fortsatt held fast ved løyveperiodar på 4 år, og med handsaming etter kvart kommunestyreval.

Folkehelse	-	søknaden inneber ingen endring i h.t. dagens drift
Miljø	-	søknaden inneber ingen endring i h.t. dagens drift
Økonomi	-	ikkje vurdert

Konklusjon

Saka vert lagt fram for formannskapet til handsaming og innstilling til heradsstyret.